



Førsteklassingane saman med kontaktlærer Odd Steinar Arnesen. Frå venstre bak Harald Lekva Myklebust, Sander Seim Myklebust, Mia Storevik Myklebust, Arnesen, Anne Zofia Fonn, Ingeborg Huse Bjørnebole, Stine Soldal og Jaran Jensen Eide. Foran frå venstre Simon Taranger, Emilie Bringedal, Tina Bakke Eik, Emilie Guddal Birkeland, Sunniva Erslund myklebust og Sindre Ullebust Feet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen oppvekstsenter har teke til med eit nytt skuleår og skulen får 96 elevar i 2007/2008 medan det var 89 i 2006/2007. Men talet på førsteklassingar er 13 også dette skuleåret og onsdag føremiddag var det stor opningsfest for dei på nylakka golv i Aktivitetshuset. Denne festen er no ein tradisjon, for dette var andre gongen den vart halde!

Morgontonar av Grieg slo an den rette stemninga før elevar, lærarar og nokon av foreldra toga inn og tok plass i amfiet.



Bente Halvorsen og Lars Andres Sæbø spela kornett. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Så gjekk det slag i slag med eit tett program og størst applaus fortente nok det nystarta koret som Ranveig Helleland og Hilde Bringedal leiår. 14 jenter som er frå klassane frå fjerde til sjuande er førebels med i koret, som imponerte etter berre eitpar øvingar.

- Vi har sett fram til å få eit kor ved skulen, og endeleg har det lukkast sa rektor og festleiar Vidar Haugland, som takka Ranveig og Hilde for det positive initiativet. Koret byggjer på frivilligheit og det er grunnen til at det så langt har berre jenter, fortel rektor til uskedalen.no. Men tør ikkje gutane å syngja?

Femteklassingane illustrerte eventyret om guten, mjølet og nordavinden på ein sær sars levande måte medan Hilde las. Ellers var det innslag ved klassene etter tur og vi tillet oss å trekkja fram den store tredjeklassa som tydelegvis



har mange talenter. Deira framføring av "Hometitten" gjorde inntrykk denne gongen.

Tredjeklassen har mange talenter, konstaterer rektor Vidar Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rektor fortel ellers at det er tre nyinnflytta elevar i flokken, ein frå Odda og to frå Husnes. Når det gjeld elevtalet i dei næraste åra, tyder alt på at det vil vera stabilt.

Dette skuleåret startar med ein ny timeplan der alle startar og sluttar dagen på likt. Først er erfaringane gode. Elevane frå første til fjerde klasse har no eit aktivitetstilbod som strekkjer seg over halvannen time kvar dag. - Då leikar dei og går for eigen maskin, seier rektor.

Av Ola Matti Mathisen



Det nye skulekoret imponerte tilhøyrane (Foto: Ola Matti Mathisen)